



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 23.11.2016 – 24.11.2016

Møtetid: 09.00-17.00 - 09.00-15.00
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert 2 varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Nils Aadland (Ap) 23 - 24.11.16	Øyvind Strømmen (Bl) 23 - 24.11.16
Monica Tjønnå (Sp) 23.11.16 - 24.11.16	Solveig Vassenden (Bl) 23 - 24.11.16

Andre som var til stades på møtet:

Rådmannen, ass. rådmann, økonomisjef, sektorleiarar

Møteleiar:	Ordførar Knut Harald Frøland (Bl)
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	Rådmann orienterte om; - tilskot frivilligheitsentral. - tilskot breiband – avslag på søknad og nye midlar i 2017. Skal kommunen få midlar må det til ein kommunal eigendel - BUF-etat sine satsar i fosterheim og i institusjon, og kommunen sin eigenadel ved forsterka tiltak. Kommunen har over fleire år vore dissens med Bufetat om utvida kommunal betaling. Saka har no vore oppe i ei tvistenemnd, og deira uttale går på at kommunen må dekke halvparten av utgiftene frå 2012. Kravet er svært høgt, og kommunen gjennom advokat vil arbeida vidare for å få redusert kravet.
Utvalet sitt kvarter:	Arild Røen og Olaug K Øystese – rekruttering av ny rådmann Øyvind Strømmen – forureining av fjorden.
Informasjon i møtet:	Kyrkjevevje Britt Haukanes og leiar av soknerådet Hilde Aarvik la fram informasjon om kyrkjebudsjettet inkl. auka løn/stilling til kyrkjevevje Leiar av kontrollutvalet Brigte Olav Gåsdaal informerte om budsjettframlegget frå kontrollutvalet

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 18.12.2016

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
062/16	16/1010	Faste saker	
063/16	15/896	Rullering av handlingsprogrammet - kommunaldelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	
064/16	09/640	Refusjon forskottering til Tyssetunellen	
065/16	15/860	Fastsetting av avgifter for kyrkjegarden	
066/16	16/261	Lønsfastsetjning for assisterande rådmann 2016	
067/16	15/878	Godtgjersle til politisk valde 2017	
068/16	10/278	Revisjon av vedtekter for SFO	
069/16	15/860	Kommunale avgifter og gebyr 2017: vatn , avlaup og slamavskiljar	
070/16	16/759	Økonomiplan 2017 - 2020	

SAKNR. 062/16
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

23.11.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Utvalet sitt kvarter:

Arild Røen (H) stilte spørsmål om status for tilsetting av ny rådmann. Ordførar orienterte om at arbeidsutvalet er kalla inn til møte den 1. desember for å drøfta ein framdriftsplan.

Olaug Øystese (Ap) bad om få bekrefte/avkrefta rykte om at Odd Arne Haga er tiltenkt stillinga som ny rådmann. Ordførar og Odd Arne Haga kunne avkrefta at dette var ein realitet. Det vart også vist til arbeidet i arbeidsgruppa for rekruttering.

Øyvind Strømmen (Mdg) – varsla spørsmål til kommunestyret – om det kunne vera ein samanheng mellom forverring av miljø i havet og at blåskjell er så godt som borte frå delar av område i Rolvsvåg. Rådmannen orienterte om at det var kome generell informasjon til kommunane knytt til tema om forureining av sjø. Rådmannen tek spørsmålet med vidare til administrasjonen, men det er ikkje mogleg å få fram svar på spørsmålet til kommunestyret i desember 2016.

FORM-062/16 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 063/16

RULLERING AV HANDLINGSPROGRAMMET - KOMMUNALDELPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek handlingsprogrammet for 2017 og prioriterer søknader om spelemidlar til ordinære anlegg i denne rekkefølga:

1. Kunstgrasbane
2. Orienteringskart
3. Friidrettsanlegg

23.11.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Einingsleiar for kultur møtte i denne saka og svara på spørsmål.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-063/16 VEDTAK:

Samnanger kommune vedtek handlingsprogrammet for 2017 og prioriterer søknader om spelemidler til ordinære anlegg i denne rekkefølga:

1. Kunstgrasbane
2. Orienteringskart
3. Friidrettsanlegg

SAKNR. 064/16

REFUSJON FORSKOTTERING TIL TYSSETUNELLEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har fått utbetalt kr 25 mill som gjeld refusjon forskottering til Tyssetunellen. Kr 23,25 mill vert betalt vidare til dei andre kommunane og bedriftene som var med å forskottera til tunellen i 2012 og 2013. Samnanger sin refusjon på kr 1,75 mill vert sett av til ubunde investeringsfond.

23.11.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FORM-064/16 VEDTAK:

Samnanger kommune har fått utbetalt kr 25 mill som gjeld refusjon forskottering til Tyssetunellen. Kr 23,25 mill vert betalt vidare til dei andre kommunane og bedriftene som var med å forskottera til tunellen i 2012 og 2013. Samnanger sin refusjon på kr 1,75 mill vert sett av til ubunde investeringsfond.

SAKNR. 065/16

FASTSETTING AV AVGIFTER FOR KYRKJEGARDEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prisen for festing av kistegrav vert i 2017 sett til kr 250,- pr. år og kr 100 pr. år for barnegrav
Prisen for gravelegging når den døde var busett utanføre kommunen vert i 2017 sett til
Kr 6.100,- for vanleg kistegrav, kr 4.700 for barnegrav og til kr 1.400 for urnegrav.

23.11.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke. Administrasjonen sjekkar ut feste av urnegrav og avgift på dette, til kommunetyremøtet 15 des.

FORM-065/16 VEDTAK:

Prisen for festing av kistegrav vert i 2017 sett til kr 250,- pr. år og kr 100 pr. år for barnegrav
Prisen for gravelegging når den døde var busett utanføre kommunen vert i 2017 sett til
Kr 6.100,- for vanleg kistegrav, kr 4.700 for barnegrav og til kr 1.400 for urnegrav.

SAKNR. 066/16

LØNSFASTSETJNING FOR ASSISTERANDE RÅDMANN 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

23.11.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Ass. Rådmann var ikkje til stades i møte under handsaming av denne saka.

Rådmannen orienterte om systemet rundt lokale lønsforhandlingar og om resultatet frå lønstingingar for andre tilsette. Rådmannen var ikkje til stades under drøftingane.

Formannskapet drøfta saka, og ga ordførar fullmakt til å gjennomføra drøftingar og fastsette ny løn til ass. rådmannen.

FORM-066/16 VEDTAK:

Ordføraren fekk fullmakt til å avgjera løna til ass. rådmann etter at det er gjennomført drøftingar med tillitsvalde for ass. rådmann. Ny løn skal gjelda frå 01.05.2016.

SAKNR. 067/16

GODTGJERSLE TIL POLITISK VALDE 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

23.11.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg:

1. «Det vert lagt til grunn eit prinsipp om at godtgjersla til ordførar og varaordførar vert regulert i høve til ein stortingsrepresentant si løn. Ordførar si godtgjersle vert 80% av ein stortingsrepresentant si løn og varaordførar 6% av ordføraren si løn. Denne løna er pr. 01.05.16. kr 906 928. Ordførar si godtgjersle vert regulert opp til kr. 705.000 i 2017 og 80% i 2018. Varaordførar si godtgjersle vert 6% av ordførar si godtgjersle. Regulering av godtgjerslene vert gjort frå 01.01 med utgangspunkt i godtgjersla pr. mai året før.
2. «Dei andre godtgjerslene vert regulert i samsvar med gjeldande reglement.»

Øyvind Strømmen (Mdg) sette fram følgjande framlegg:

1. «Godtgjersla til andre folkevalde vert liggjande på dagens nivå i kroner.
2. Det skal gjerast ein gjennomgang av reglementet for godtgjersle for evt. justering av dette.»

Det vart røysta punktvis over framlegga.

Pkt 1

Frøland sitt framlegg pkt 1 vart samrøystes vedteke

Pkt 2

Det vart røyste alternativt over Frøland sitt framlegg pkt 2 og Strømmen sitt framlegg pkt 1. Strømmen sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster mot 4 røyster for Frøland sitt framlegg.

For Strømmen sitt framlegg	For Frøland sitt framlegg
Øyvind Strømmen	Knut Harald Frøland
Solveig Vassenden	Inge Aasgaard
Odd Arne Haga	Olaug Øystese
Arild Røen	Øyvind Røen
Lena Tveit	

Pkt 3

Strømmen sitt framlegg pkt 2 vart samrøystes vedteke.

FORM-067/16 VEDTAK:

1. Det vert lagt til grunn eit prinsipp om at godtgjersla til ordførar og varaordførar vert regulert i høve til ein stortingsrepresentant si løn. Ordførar si godtgjersle vert 80% av ein stortingsrepresentant si løn og varaordførar 6% av ordføraren si løn. Denne løna er pr. 01.05.16. kr 906 928. Ordførar si godtgjersle vert regulert opp til kr. 705.000 i 2017 og 80% i 2018. Varaordførar si godtgjersle vert 6% av ordførar si godtgjersle. Regulering av godtgjerslene vert gjort frå 01.01 med utgangspunkt i godtgjersla pr. mai året før.
2. Godtgjersla til andre folkevalde vert liggjande på dagens nivå i kroner.
3. Det skal gjerast ein gjennomgang av reglementet for godtgjersle for evt. justering av dette.

SAKNR. 068/16**REVISJON AV VEDTEKTER FOR SFO****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til reviderte føresegner for Sfo vert vedtekne slik dei ligg føre.

23.11.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Inge Aasgaard (Krf) bad om å få vurdert om han er ugild sidan han jobbar inspektør ved Samnanger barneskule. Aasgaard gjekk ifrå. Han vart samrøystes funnen gild.

Olaug Øystese (Ap) sette fram fylgjande framlegg: Reglementet vert vedteke slik det ligg føre med endring om at fylgjande setning i pkt. 4.3 går ut «Opningstida i SFO er kl 07.30 – 15.30 i desse vekene»

Det vart røysta alternativt over Øystese sitt framlegg og rådmannen sitt framlegg.

Øystese sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-068/16 VEDTAK:

Framlegg til reviderte føresegner for Sfo datert 23.11.16 vert vedtekne slik dei ligg føre med endring i pkt 4.3 der fylgjande setning går ut « Opningstida i SFO er kl 07.30 – 15.30 desse vekene».

SAKNR. 069/16

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2017: VATN , AVLAUP OG SLAMAVSKILJAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gebyr for vatn vert i 2017 vert det same som i 2016. Gebyr for avlaup aukar med 5 % og gebyr for tømning av septiktankar og slamavskiljarar aukar med 3% samanlikna med satsane for 2016.

23.11.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM-069/16 VEDTAK:

Gebyr for vatn vert i 2017 vert det same som i 2016. Gebyr for avlaup aukar med 5 % og gebyr for tømning av septiktankar og slamavskiljarar aukar med 3% samanlikna med satsane for 2016.

SAKNR. 070/16

ØKONOMIPLAN 2017 - 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for 2017 - 2020 vert vedteke slik den ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, 1 B drift, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering og detaljar investering.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2017:

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2016 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak. Bustadar med formuesgrunnlag frå skatteetaten vil først bli skattelagt 2 år etter at bygget er ferdig.

Kommunestyret har i sak 14/14 vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Utskriving av eigedomsskatt for 2017 er i hovudsak basert på takstar frå taksering i 2012 for ”verk og bruk” og frå 2014/2015 for bustadhus, hytter, næringsseigedomar mm.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

23.11.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet 23.11.16:

I starten av handsaminga fekk representantar frå kyrkja og kontrollutvalet informera formannskapet munnleg.

Kyrkja

Kyrkjeverje Britt Haukanes ga ei orientering om framlegget frå kyrkja samt kva lovverk som styrer fordelinga mellom kommunen og kyrkja. Leiar av soknerådet Hilde Aarvik orienterte om arbeidssituasjonen til dagleg leiar og ba om at ramma til kyrkja vert utvida slik at det vert mogleg å auka opp stillinga og løna. Formannskapet hadde fått ut informasjon om dette på førehand.

Kontrollutvalet

Brigt Olav Gåsdal, leiar i kontrollutvalet, orienterte om utvalet sitt mandat og oppgåver. For 4-årsperioden er det særskilt to lovpålagt planar; forvaltningskontroll og plan for selskapskontroll. I desse vil det vera forslag på tiltak som kommunestyret vedtek og som følgjer opp med ressursar. Kontrollutvalet har bedt om kr 160.000 meir enn det som ligg inne i framlegget.

Gjennomgang av økonomiplanen 2017-20

Nina Erdal, økonomisjef, orienterte om driftsinntektene og driftsutgiftene for kommunen i perioden. Ho orienterte om dei ulike føringane og konsekvensar med dette. Nettorammer pr sektor vart presenterte. Det vart særleg peika på at det er ein risiko å ikkje ha ein rentebuffer når ein så pass stor del av låna er på vilkår med flytande rente.

Tone Ramsli, rådmann, gjekk igjennom sektorane sine mål omtalt i rådmannen sine merknader. Viktig at dette og vert politiske mål.

Ordførar orienterte om sine tankar om mål. Han ønskjer at det vert rapportert på mål med måloppnåing i budsjett og økonomiplan og rekneskap for økonomiplanperioden. Dette kan vera på følgjande:

- Reduksjon utg – agenda
- Sjukefråvær
- Kommunebarometeret

Sektor	Status des 2016	Maks potensiale	Mål 2017	Mål 2018	Mål 2019	Mål 2020
Reduksjon driftsutgifter - ref. Agenda Kaupang						
Reduksjon sjukefråver						
Kvalitet- Kommunebarometer (nøkkeltal)						

Ordførar orienterte under næring om Datalagringssenter i Børdalen kan verta avklara i løpet av våren. Naturutvalet har gitt administrasjonen mandat til å arbeida dette inn i arealplanen.

Arild Røen fekk permisjon frå kl.15.15

Spørsmål om kostnad til 24.11.16:

- Kostnad ved å innføra kommunal «mjølkeordning» i skulane ?
- Meirkostnad ved å halda bassenget ope i heile skuletåret dvs 190 dagar ?

Handsaming i møtet 24.11.16:

Rådmannen svara på dei to spørsmåla som var reist.

Legg ein til grunn at alle elevane nyttar ordninga, vil den kommunale kostnaden med « **mjølkeordninga**», mjølk, frukt, kosta mellom frå 285.000-500.000 pr. år alt etter kva produkt elevane ønskjer.

Bruken av **bassenget** er svært lågt. Det vart presentert informasjon frå den perioden bassenget var i bruk 5 dagar i veka. Bruken har heile tida vore låg i mai-juni og i byrjinga av skuleåret og i desember. Det er ei utfordring å få gjennomføra alt nødvendig vedlikehald utan at ein har til disposisjon ei viss samanhengande periode. Også dei tilsette i teknisk drift skal avvika ferie. Me har med dagens opningstider ei innsparing på rundt 150.000 kroner samanlikna med om bassenget er ope like lenge som skulen. Redusert opningstida frigjer tid for tilsette i teknisk drift til anna vedlikehald. Det vert i dag brukt ca 50% stilling til bassenget når dette er i drift. Det er mogleg å endra noko på kva mnd/periode bassenget er stengt. T.d. kan ein bytta september med desember.

Utvalet drøfta budsjettet generelt, og det var ein lengre diskusjon om mål og rapportering. Alle partar ønskjer å få til gode målformuleringar og ein systematisk rapportering til politisk nivå. I 2017 vert det måla som ligg i budsjettet som skal rapporterast på. Budsjetttrammene er den økonomiske målsettinga, det er sett inn mål for sjukefråvær og det er ei rekke kvalitetsmål som kan rapporterast på. I kvalitetsdialogen som er planlagt i formannskapet i april vil det vera viktig å få sett mål for komande økonomiplanperioden. Ein har då «ferske» kostratal med påfylgjande nytt kommunebarometeret.

Ordførar stilte spørsmål om det kunne vera aktuelt med ein prosess om felles verdiar på nyåret der ein knytte det til eit prosjekt. Dette vert sett nærare på etter nyttår.

Framlegg til endringar i rådmannen sitt framlegg;

Sektor oppvekst og kultur;

Odd Arne Haga (Frp) sette fram følgjande framlegg;

Me ønskjer at det vert lagt betre til rette for ein meir optimal bruk av bassenget for elevane , og ber om at opningstidene for bassenget vert tilpassa det. For å dekkja auka skysstutgifter vert det stilt til rådvelde inntil 20.000 kr. - Finansiering disposisjonsfondet

Samrøystes vedteke.

Odd Arne Haga (Frp) sette fram følgjande framlegg;
 «Mjølkeordninga» - dvs. mjølk, frukt, yoghurt – på skulane vert gratis for elevane.
 Kostnaden vert dekkja inn med innsparing ved privatisering av Vassloppa barnehage.»

Ein røysta for framlegget frå Haga og 8 mot. Framlegget vart ikkje vedteke.

For framlegget	Mot framlegget	
Odd Arne Haga (Frp)	Inge Aasgaard (Krf)	Solveig Vassenden (Bl)
	Arild Røen (H)	Øyvind Røen (Sp)
	Øyvind Strømmen (Mdg)	Knut Harald Frøland (Bl)
	Olaug Øystese (Ap)	Lena Tveit (Bl)

Odd Arne Haga (Frp) sette fram følgjande framlegg:
 Vassloppa barnehage konkurranseutsettes.

Ein røysta for framlegget frå Haga og 8 mot. Framlegget vart ikkje vedteke.

For framlegget	Mot framlegget	
Odd Arne Haga (Frp)	Inge Aasgaard (Krf)	Solveig Vassenden (Bl)
	Arild Røen (H)	Øyvind Røen (Sp)
	Øyvind Strømmen (Mdg)	Knut Harald Frøland (Bl)
	Olaug Øystese (Ap)	Lena Tveit (Bl)

Odd Arne Haga (Frp) sette fram følgjande framlegg:
 Kommunestyret fattar endeleg vedtak om biblioteket skal flytta til Bjørkheim i mars 2017. Til dette møtet skal det vera utarbeidd ein oversikt over totale kostnader med bygget, eingongskostnader ved innflytting og driftsutgifter. I tillegg må det vurderast kva potensiale eksisterande lokale har for anna bruk.

Framlegget vart vedteke med 5 mot 4 røyster.

For framlegget	Mot framlegget
Odd Arne Haga (Frp)	Inge Aasgaard (Krf)
Solveig Vassenden (Bl)	Arild Røen (H)
Øyvind Røen (Sp)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Knut Harald Frøland (Bl)	Olaug Øystese (Ap)
Lena Tveit (Bl)	

Sektor Helse og omsorg;

Odd Arne Haga (Frp) sette fram følgjande framlegg:

Forslag til effektivisering av driften av PRO (pleierehabilitering og omsorg)

Det skal utføres en realitetsgjennomgang av PRO for å identifisere innsparing og effektivitetsmuligheter i virksomheten. Fokuset i rapporten skal være både på kortsiktige tiltak for budsjettbalanse og langsiktige tiltak på utvikling av tjenesten for perioden 2017 – 2022. I valget mellom kortsiktige tiltak for budsjettbalansen og langsiktige tiltak for balansert utvikling av tjenesten, så skal fokuset legges på de langsiktige tiltakene. Kostnadsramme kr 100.000.

Haga trekte framlegget før det vart røysta over det. Det vart vist til ordføraren sitt framlegg om avsetting av ressursar for styringsgruppa sitt arbeid.

Olaug Øystese (Ap) sette fram følgjande framlegg:

Det vert sett igang arbeid med å få på plass "dørøpnar" for rørslehemma på helsetunet på Haga. Det vert brukt inntil 50.000.- teke frå ubundne disposisjonsfond.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sektor Samfunn og utvikling:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram følgjande framlegg:

Forslag til innsparinger i bygningsmassen

Eksisterende bygningsmasse skal gjennomgåes for å få ein meir kostnadsoptimal utnyttelse. Det skal gjennomførers en ekstern tilstandsvurdering av ungdomsskolen, kommunehuset og Vassloppa barnehage. Det skal også gjennomføres en ekstern verdivurdering mht salg av ungdomsskolen, kommunehuset og Vassloppa barnehage. Kostnadsramme kr 60.000.

Haga trekte framlegget før det vart røysta over det. Det vart vist til ordføraren sitt framlegg om avsetting av ressursar for styringsgruppa sitt arbeid.

Odd Arne Haga (Frp) sette fram følgjande framlegg:

Før avsette midler til reparasjon av bygg og vegar vert tekne i bruk skal det lages en plan for forebyggende vedlikehald.

Framlegget vart vedteke med 8 mot 1 røyst.

For framlegget		Mot framlegget
Odd Arne Haga (Frp)	Inge Aasgaard (Krf)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Solveig Vassenden (Bl)	Arild Røen (H)	
Øyvind Røen (Sp)	Lena Tveit (Bl)	
Knut Harald Frøland (Bl)	Olaug Øystese (Ap)	

Sektor for organisasjon:

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg:

Det vert sett av kr 200.000 til bruk for styringsgruppa for økonomi sitt arbeid. Summen vert finansiert ved å setja ned avsetting til disposisjonsfondet.

Framlegget vart vedteke med 5 mot 4 røyster.

For	Mot
Knut Harald Frøland (Bl)	Olaug Øystese (Ap)
Øyvind Røen (Sp)	Inge Aasgaard (Krf)
Odd Arne Haga (Frp)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Solveig Vassenden (Bl)	Arild Røen (H)
Lena Tveit (Bl)	

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram slikt framlegg:

Det vert rapport til kommunestyret på fylgjande dimensjonar, økonomi, sjukefråvær og kommunebarometeret (kvalitet).

Framlegget vart vedteke med 6 mot 3 røyster.

For	Mot
Knut Harald Frøland (Bl)	Olaug Øystese (Ap)
Øyvind Røen (Sp)	Inge Aasgaard (Krf)
Odd Arne Haga (Frp)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Solveig Vassenden (Bl)	
Lena Tveit (Bl)	
Arild Røen (H)	

Øyvind Strømmen (Mdg) sette fram slik protokollmerknad:

Protokollmerknad ang. mål:

MDG stør intensjonen, men meiner vedtaket er prematurt, og at prosessen bør munna ut i målsetjingar på fleire område, særleg på miljøfeltet.

Dekking av utgifter vedk. sak Godtgjersle folkevalde;

Kostnaden med auka godtgjersle til folkevalde kr 50.000 vert dekkja med bruk av midlar avsett til tilleggsøyving konto nr 1.4901.5200.1800.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet

Framlegg frå Arild Røen (H);

Kontrollutvalet får kr 80.000.- ekstra til forvaltningskontroll i 2017. Midlane vert teke frå disposisjonsfondet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kyrkja

Øyvind Røen (Sp) stilte spørsmål om han var ugild under handsaminga av kyrkjebudsjettet. Han gjekk ifrå. Han vart samrøystes funnen ugild.

Fellesframlegg:

For å imøtekoma ynskje frå kyrkja om å utvida stillinga for kyrkjevevja vert ramma til kyrkja utvida med kr 75.000. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannsbudsjettet

Rekruttering ny rådmann og finansiering av pensjonsavtale kjem ordførar tilbake med til kommunestyret den 15. desember.

Før røysting vart det lagt fram to framlegg til vedtak;

Øyvind Strømmen (Mdg), Olaug Øystese (Ap), Inge Aasgaard (Krf) og Arild Røen (H) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke med desse endringane:

- *Me ønskjer at det vert lagt betre til rette for ein meir optimal bruk av bassenget for elevane, og ber om at opningstidene for bassenget vert tilpassa det. For å dekkja auka skyssutgifter vert det stilt til rådvelde inntil 20.000 kr. « - Finansiering disposisjonsfondet*
- *Det vert sett av inntil kr 50.000 til elektrisk dørøpnar på Helsetunet, finansiering disposisjonsfondet.*

- *Før det bevilges penger til reparasjon av bygg og vegar skal det lages en plan for forebyggende vedlikehald.*
- *Kostnaden med auka godtgjersle til folkevalde kr 50.000 vert dekkja med bruk av midlar avsett til tilleggsøyving konto nr 1.4901.5200.1800.*
- *Kontrollutvalet får kr 80.000.- ekstra til forvaltningskontroll i 2017. Midlane vert teke frå disposisjonsfondet.*
- *For å imøtekoma ynskje frå kyrkja om å utvida stillinga for kyrkjevevja vert ramma til kyrkja utvida med kr 75.000. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.*

Knut Harald Frøland (Bl), Øyvind Røen (Sp), Odd Arne Haga (Frp), Lena Tveit (Bl) og Solveig Vassenden (Bl) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke med desse endringane:

- *Me ønskjer at det vert lagt betre til rette for ein meir optimal bruk av bassenget for elevane , og ber om at opningstidene for bassenget vert tilpassa det. For å dekkja auka skyssutgifter vert det stilt til rådvelde inntil 20.000 kr. « - Finansiering disposisjonsfondet*
- *Det vert sett av inntil kr 50.000 til elektrisk døropnar på Helsetunet, finansiering disposisjonsfondet.*
- *Før det bevilges penger til reparasjon av bygg og vegar skal det lages en plan for forebyggende vedlikehald.*
- *Kostnaden med auka godtgjersle til folkevalde kr 50.000 vert dekkja med bruk av midlar avsett til tilleggsøyving konto nr 1.4901.5200.1800.*
- *Kontrollutvalet får kr 80.000.- ekstra til forvaltningskontroll i 2017. Midlane vert teke frå disposisjonsfondet.*
- *For å imøtekoma ynskje frå kyrkja om å utvida stillinga for kyrkjevevja vert ramma til kyrkja utvida med kr 75.000. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.*
- *Kommunestyret fattar endeleg vedtak om biblioteket skal flytta til Bjørkheim i mars 2017. Til dette møtet skal det vera utarbeidd ein oversikt over totale kostnader med bygget, eingongskostnader ved innflytting og driftsutgifter. I tillegg må det vurderast kva potensiale eksisterande lokale har for anna bruk.*
- *Det vert sett av kr 200.000 til bruk for styringsgruppa sitt arbeid. Summen vert finansiert ved å setja ned avsetting til disposisjonsfondet.*
- *Det vert rapport til kommunestyret på fylgjande dimensjonar, økonomi, sjukefråvær og kommunebrometeret (kvalitet).*

Det vart røysta over dei tre framlegga.

Rådmannen sitt framlegg – ingen røysta for framlegget

Framlegget frå Øyvind Strømme (Mdg), Olaug Øystese (Ap), Inge Aasgaard (Krf) og Arild Røen (H): 4 røysta for framlegget.

Framlegget frå Knut Harald Frøland (Bl), Øyvind Røen (Sp), Odd Arne Haga (Frp), Lena Tveit (Bl) og Solveig Vassenden (Bl): 5 røyster og det vart dermed vedteke.

FORM-070/16 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for 2017 - 2020 vert vedteke slik den ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, 1 B drift, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering og detaljar investering med følgjande endringar;

- *Me ønskjer at det vert lagt betre til rette for ein meir optimal bruk av bassenget for elevane , og ber om at opningstidene for bassenget vert tilpassa det. For å dekkja auka skyssutgifter vert det stilt til rådvelde inntil 20.000 kr. - Finansiering disposisjonsfondet.*
- *Det vert sett av inntil kr 50.000 til elektrisk dørøpnar på Helsetunet, finansiering disposisjonsfondet.*
- *Før det bevilges pengar til reparasjon av bygg og vegar, skal det lages en plan for forebyggende vedlikehald.*
- *Kostnaden med auka godtgjersle til folkevalde kr 50.000 vert dekkja med bruk av midlar avsett til tilleggsøyving konto nr 1.4901.5200.1800.*
- *Kontrollutvalet får kr 80.000.- ekstra til forvaltningskontroll i 2017. Midlane vert teke frå disposisjonsfondet.*
- *For å imøtekoma ynskje frå kyrkja om å utvida stillinga for kyrkjevevja vert ramma til kyrkja utvida med kr 75.000. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.*
- *Kommunestyret fattar endeleg vedtak om biblioteket skal flytta til Bjørkheim i mars 2017. Til dette møtet skal det vera utarbeidd ein oversikt over totale kostnader med bygget, eingongskostnader ved innflytting og driftsutgifter. I tillegg må det vurderast kva potensiale eksisterande lokale har for anna bruk.*
- *Det vert sett av kr 200.000 til bruk for styringsgruppa sitt arbeid. Summen vert finansiert ved å setja ned avsetjing til disposisjonsfondet.*
- *Det vert rapport til kommunestyret på fylgjande dimensjonar, økonomi, sjukefråvær og kommunebarometeret (kvalitet).*

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2017:

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100.000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2016 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak. Bustadar med formuesgrunnlag frå skatteetaten vil først bli skattelagt 2 år etter at bygget er ferdig.

Kommunestyret har i sak 14/14 vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Utskriving av eigedomsskatt for 2017 er i hovudsak basert på takstar frå taksering i 2012 for ”verk og bruk” og frå 2014/2015 for bustadhus, hytter, næringsseigedomar mm.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.